



Årsmelding 2010

Organisasjonen Kystvegen Ålesund – Bergen blei stifta i Bergen den 8. mars 2010 for å formalisere eit samarbeid mellom kommunane frå Nordhordland til Sunnmøre. ”Føremålet er å arbeide for ein samanhengande veg av god riksvegstandard, etter ei ytre linje gjennom kystregionen frå Ålesund til Bergen. Organisasjonen skal ikkje ha forretningsmessig verksemd som føremål.” Vedtekter blei fastsett, det blei vedteke medlemskontingent og fylgjadne blei valde til styre for første driftsår :

- Bente Frøyen Steindal, Flora – styreleiar
- Jan Helgøy, Vanylven – nestleiar
- Nils Marton Ådland – Meland / Nordhordland regionråd
- Lars Hellandsjø – næringslivsrepresentant – Mongstad
- Arve Helle – Fjaler
- Ronny Blomvik – Sula

(Det blei vedteke å velje inn endå ein næringslivsrepresentant, men i løpet av året har ein ikkje fått det på plass.)

Styremøter:

I 2010 er det halde berre eitt formelt styremøte i samband med kystvegkonferansen i Florø. Dette var eit ”utvida styremøte” der fleire av medlemsverksemdene deltok. Styret har elles kommunisert om aktuelle saker pr e-post.

Sekretariat

Sekretariat har vore handsama av Per Brandal, Vanylven og Eivind Hjellum, Flora Kommune. Frå hausten 2010 har Brandal vore sjukemeldt slik at sekretariatet har hatt sterkt redusert kapasitet. Johan Aasen, Vanylven kommune, har oppgradert og halde à jour nettsida www.kystvegen.com

Kystvegkonferanse

Kystvegkonferansen 2010 var ei av hovudoppgåvene hausten 2010. Konferansen gjekk i Florø den 30. september og det var påmeldt over 100 deltakarar. Samferdsleminister Magnhild Meltveit Kleppa hadde tilsagt si deltaking, men måtte melde avbod. I staden møtte politisk rådgjevar Sigrid Brattabø Handegard som heldt foredrag med tittelen ”Slik blir Vestlandet mindre”. Av andre foredrag kan nemnast: Magne Strand om kryssing av Sognefjorden via Solund, Oddbjørn Vatne om ”Finansiering av vegprosjekt” og Arve Helle om ”Kryssing av Førdefjorden.”

Informasjon og marknadsføring.

Sekretæren har delteke med i møter der det har vore høve til å presentere Kystvegen, m.a: Næringslivets samferdsle forum Sogn og Fjordane (NHO – LO – TLF – NLF – NAF), Fylkestinget des 2010 (informasjon om ferdigstilt utgreiing om 45 min regionen)



Ny brosjyre

Til kystvegkonferansen i 2010 blei det laga ei ny utgåva av kystvegbrosjyre. (første opplag var om lag tomt). I hovudsak er den nye laga etter mønster av den første, men litt endre bilder og kart med markering av konkrete tiltak.

Kontakt med fylkeskommunane og Bergen Kommune.

Sekretæren har kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune, men i liten grad med dei andre fylkeskommunane. Dette har samanheng med at sekretariatet har vore noko redusert. Det har vore halde to møter med Bergene kommune som har sagt seg interessert, men har ikkje formelt vedteke å delta i organisasjonen.

Kontakt med Statens Vegvesen

Møte med Vegvesen og fylkeskommune vedr organisering av veg myndigheitene.

Vegprosjekt

Sekretæren har i 2010 delteke relativt aktivt i arbeider med "45 min regionen" og førebuing av planarbeid for kryssing av Førdefjorden,- begge vil vere viktige lekkar i Kystvegen Ålesund – Bergen.

Økonomi.

Medlemskommunane har betalt kontingent i samsvar med vedtak i stiftingsmøtet. I 2010 har vi hatt berre få medlemmer frå næringsverksemd. Dette skuldast først og fremst at det ikkje har vore tid til å arbeide aktivt med verving. I samband med kystvegkonferansen fekk vi ein del "sponsorstøtte" frå verksemd som vi samtidig noterte som medlemmer. Der er aukande interesse for saka i næringslivet. I 2011 skal dette arbeidet intensiverast. Kostnadene har i hovudsak samband med trykking av ny brosjyre, kystvegkonferansen og ein del reiseverkssemd. I årsoppgjeret vert det sett av ein sum til å dekke noko av Flora Kommune sine kostnader med sekretariat.

Vegbygging i 2010 - 2011

2010 har vore eit rimeleg aktivt år med omsyn til vegarbeid i kystregionen. To viktige lekkar i Kystvegen er påbegynt. Om to – tre år vil både Bremanger II og Dalsfjordbru stå ferdige. Dermed er Kystvegen gjennom Sogn og Fjordane nærare ein realitet. Sunnmøre og Nordhordland er nok komne lenger med omsyn til utbygging og vegstandard. Der er det større visjonar med omsyn til planar framover. Kort om aktuelle tiltak og planar nedanfor.

Bremanger II, som er "fullføring av Bremanger fastlandssamband" blei starta opp i september 2010. Hovuddelen i dette veganlegget er ein tunnel frå Sjørdal ovanfor Svelgen til Bortne. Framdrifta er god og pr februar 2011 ligg dei godt i samsvar med framdriftsplanen som seier opning i løpet av første halvår 2013. Anbudet blei ein del lågare enn budsjettet. Difor er det gjort framlegg om å ta med prosjektering av opprusting av eksisterande fylkesveg frå Leirgulen til Bortne, som elles kan bli liggande att som ein "krøtersti" i den nye vegen. Fylkeskommunen vedtok å ta det med i planarbeidet, men pr feb. 2011 er det ikkje gjort vedtak om å ta det med i gjennomføring.

Fullføring av Bremanger II vil korte inn vegen mellom Florø og Måløy med km, samstundes som avstanden frå Bremangerlandet til kommunesenteret vil bli kortare.



Dalsfjordbrua blei også oppstarta i 2010 ved at arbeidet med tilførselsvegar blei sett i gang i 2010. Sjølvje brubygginga er ute på anbod i feb. 2011. Ein reknar med at det blir skrivne kontrakt i løpet av februar 11. Brua skal etter planen stå ferdig i slutten av 2013. Desse to anlegga vil bli viktige lekkar i Kystvegen.

”45 min. regionen”.

Neste tiltak i Sogn og Fjordane blir tre innkortingstiltak på vegen frå Florø til Måløy, kalla ”45 minutt regionen”. Næringsutviklingsselskapa i Bremanger – Vågsøy og Flora har fått utgreidd tiltaket som omfattar tre hovudelement: 4,4 km tunnel frå Svelgen til Indrehus som vil korte inn vegen mellom Svelgen og Florø med ca 9 km og erstatte den dårlegaste vegstykket på denne fylkesvegen. Nytt ferjesamband over ytre Nordfjord som vil erstatte ferja Måløy – Oldeide og korte inn kystvegen. Dette tiltaket vil krevje noko ny tilførsleveg på begge sider av fjorden. Tilførslevegen skal leggjast slik at den i framtida vil bli tilførsleveg til bru over Nordfjord!

Førdefjorden.

Kommunane Askvoll, Fjaler, Flora og Naustdal er begynt å arbeide for kryssing av Førdefjorden som går inn mellom Askvoll og Flora. Dette er einaste fjorden frå svenskegrensa til Finnmark der du ikkje kjem over med bil, verken bru eller ferje. Når Dalsfjordbrua kjem på plass, blir det viktig også å få til eit samband over fjorden. Kommunane tek i første omgang sikte på eit ferjesamband som kan realiserast for ein rimeleg kostnad. Så ynskjer dei å utgreie eit framtidig ferjefritt samband og innkorting av vegen på begge sider, mellom Dalsfjordbru og Florø.

Rovdefjorden

Kommunane i ytre Søre Sunnmøre har ei tid arbeidd med planar for kryssing av Rovdefjorden og har fått fram eit skisseprosjekt for ei flytebru. I jan. 2011 blei det etablert eit selskap som har til føremål å arbeide for eit slikt samband. Selskapet blei etablert med vel 2 mill i aksjekapital.

Sulafjorden

Kommunar og næringsliv sør frå Ålesund og sørover har etablert selskapet Hareid Fastlandssamband AS (HAFAS) med ein aksjekapital på over 7 mill. Adm dir Gunvor Ulstein er styreleiar. Selskapet har tilsett dagleg leiar. Målet er å etablere fast samband over / under Sulafjorden. Kommunane på Sunnmøre arbeider for å justere traseen for E39 til å gå over Eiksundsambandet via Hareid til Ålesund.

Sognefjorden.

Styret i Kystvegen har gjort framlegg om at Vegvesenet utgreier kryssing av Sognefjorden via Solund som eit alternativ. Dette er gjennomførbart med kjent teknologi og kan løyse behovet både for E39 og Kystvegen.

Nordhordlandspakken har ei ramme på 3,8 mrd Det største enkelt tiltaket er Nyborgtunnelen i Bergen kommune som vil korte inn E39 og Kystvegen med 5 – 6 km. ”Pakken” inneheld vidare ei rekke vegprosjekt i Nordhordland.



Sambandet Vest. 19. august 2010 blei det stifta eit aksjeselskap for å realisere eit tverrsamband frå Mongstad til Øygarden. Aksjonærar er kommunane: Bergen, Fjell, Sund, Øygarden, Askøy, Meland, Lindås, Radøy og Austrheim og verksemdene Frank Mohn, Framo Engineering og BKK AS. Ein slik ytre innfartsveg passar godt med Kystvegen vidare nordover.

Bergen den

Styret